

Kittelsen Beate

Emne: VS: Høyringsuttale, heimfall

-----Original Message-----

From: Osvald Medhus [mailto:omedhus@online.no]
Sent: Saturday, April 26, 2008 1:52 PM
To: Pollestad Geir
Subject: Høyringsuttale, heimfall

Olje- og energidepartementet
Politisk rådgiver Geir Pollestad

Høyringsuttale, heimfall.

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
OS 60225 - 34	
DATO 28 APR. 2008	
AN	EKSP.

Regjeringa skar igjennom. I seks år har vi hatt eit ordskifte om konsesjonslovene. Eit virvar av forslag! Så vart det denne regjeringa som greidde å skjera igjennom. Endeleg skal vi få ein føremålsparagraf som politikarane har å halde seg til når det gjeld forvaltninga av våre vasskraftressursar. Og føremålet er tindrande klart. I Industrikonsesjonslova skal stå:

"Landets vannkraftressurser skal tilhøre allmennheten og forvaltes til felles beste. Dette skal sikres ved eierstruktur basert på prinsippet om offentlig eierskap på statlig, fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Uten tillatelse av Kongen (konsesjon) kan ingen andre enn staten med full rettsvirkning erverve eiendomsrett til vannfall."

Det er grunn til å merke seg, særleg for EU-skeptikarar, at regjeringa foreslår å fjerne følgjande frå gjeldande konsesjonslov:

"Norske statsborgere og statsborgere i andre stater som er parter i EØS-avtalen, andre utlendingar og juridiske personer, kan under særlege omstendigheter få konsesjon til å erverve eiendomsrett til vannfall på de nærmere betingelser Kongen fastsetter. Bestemmelsen gjelder også juridiske personer som er nevnt i EØS-avtalens artikkel 34, som er opprettet i samsvar med lovgivningen i en av disse stater, og som har sitt vedtektsbestemte sete, sin hovudadministrasjon eller sitt hovedforetak i en slik stat."

Den nye føremålsparagrafen. Dagens konsesjonslover er utforma slik at offentleg eigarar av kraftverk kan selje inntil 1/3 til kven som helst for evig tid. Dette blir vidareført i forslaget til nye konsesjonslover. Men å behalde denne gamle bestemming bryt heilt med den nye føremålsparagrafen. Her må ein stanse og tenke seg om. Den store pengebruken er kjenneteiknet på vår kultur i dag. Skriket om meir pengar høyrer ein over alt. I ein slik atmosfære kan kommunar lett bli freista til å selje - endå til evigvarande verdiar. Tilgjenge til å selje inntil 1/3 til kven som helst for evig tid, må ein oppheve.

Utleige av vasskraftproduksjon. I dag kan offentlege aktørar få konsesjon til å leige vassfall, uavhengig av om utleigar er privat eller offentleg. Private aktørar kan likevel ikkje leige ut vassfall til andre private aktørar. I høyringsnotat til regjeringas forslag til nye konsesjonslover blir det foreslått å dele reguleringa for utleige inn i tre omgrep; leige av utbygde vassfall, leige av ikkje-utbygde vassfall og utleige av utbygde kraftverk og vassfall. Regjeringa forslår at Kongen godkjenner fornying av avtaler om leige av vassfall som tidlegare er bygd ut etter givne konsesjonar. Men regjeringa seier nei til utleige av ikkje-utbygde vassfall.

At regjeringa foreslår at det blir høve til utleige av kraftproduksjon, har fått ein del ekstra merksemd. Men i regjeringas forslag til nye konsesjonslover er dette med utleige av kraftproduksjon ikkje tatt med. Det blir opplyst at før det blir fremja ein eigen proposisjon om utleige, vil det bli sendt ut til høyring. Og det vil ikkje vera lov til utleige av kraftproduksjon før det framtidige forslaget er behandla av Stortinget og lovendringa er gjort gjeldande. I lovforslaget skal det vere heimel til å gi forskrifter om vilkåra for å inngå avtaler om utleige av kraftproduksjon. Og så står det noko viktig i høyringsnotatet: I samband med utleige av kraftproduksjon "vil departementet også vurdere forholdet energiloven og vannressursloven."

Her er saksrekkefølja viktig. Revisjon av energilova må koma først. Der må ein få fastlagd oppdeckingsplikta. Eventuelle forskrifter om sal eller utleige av kraftproduksjon må i prinsippet vere avgrensa til overskotskraft. Med desse tinga på plass, har ein fått tatt tilbake litt av den politiske styringa av kraftsektoren som landet miste då energilova vart innført. Osvald Medhus